



Reglement

for ungdomspanelet



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Innhold

§1	Føremål.....	3
§2	Val og samansetning.....	3
§3	Arbeidsområde	3
§4	Møte	4
§5	Møteplikt og forfall	4
§6	Økonomi	4
§7	Endring av vedtektene	5

Fastsett i medhald av Lov om kommunar og fylkeskommunar (kommuneloven) § 5-12 vedteke av Stortinget 11. juni 2018

Vedtak i fylkestinget i Møre og Romsdal: sak T-73/19 (14. - 16. oktober 2019) og sak T-77/20 (13. oktober 2020).

§ 1 FØREMÅL

- 1.1 Ungdomspanelet er oppretta etter vedtak i fylkestinget i Møre og Romsdal sak T-78/02.
- 1.2 Gjennom ungdomspanelet skal ungdom i Møre og Romsdal ha reell medverknad, påverke politiske saker i fylkeskommunen, auke ungdommar sitt samfunnsengasjement og bidra til opplæring og erfaring i demokratiske prosessar. Ungdomspanelet skal vere eit rådgivande organ for Møre og Romsdal fylkeskommune i alle saker som gjeld ungdom. Ungdomspanelet kan sjølv ta opp saker dei ønsker fremme for administrasjonen eller politiske organ i fylkeskommunen.

§ 2 VAL OG SAMANSETNING

- 2.1 Ungdomspanelet skal ha ni medlemmar og fem varamedlemmar. Ungdommens fylkesting tilrår medlemmar og varamedlemmar samt leiar og nestleiar til ungdomspanelet. Tilrådinga går til fylkestinget som vel ungdomspanelet. Ungdomspanelet blir valt blant delegatane på ungdommens fylkesting og det sittande ungdomspanelet. Alle dei tre regionane skal vere representert, og det skal vere kjønnsbalanse jf. likestillingslova § 28. Det bør vere ei balansert samansetting frå by og land. Ungdomspanelet vel leiar og nestleiar blant medlemmene.
- 2.2 Ungdomspanelet skal vere partipolitisk nøytralt. Leiar og nestleiar kan i lys av dette ikkje ha verv i partipolitiske organ på fylkes-, eller nasjonalt nivå. Dette bør også være ei norm for dei resterande medlemmane i panelet.
- 2.3 Ungdomspanelet skal bestå av ungdom mellom 15 og 19 år med folkeregistrert adresse i fylket. Eit medlem kan ikkje ha fylt 19 år på valtidspunktet.
- 2.4 Medlemmane blir valt for to år, og halvparten er på val kvart år. Leiar og nestleiar blir valt kvart år. Varamedlemmane blir valt for eitt år. Melder eit medlem forfall, blir varamedlemmane kalla inn etter rekkefølge.

§ 3 ARBEIDSSOMRÅDE

- 3.1 Ungdomspanelet er ungdommens fylkesting sitt arbeidsutval og skal følge opp handlingsprogram og vedtak som er gjort på ungdommens fylkesting.
- 3.2 Ungdomspanelet skal:
 - vere referansegruppe for fylkeskommunen sitt arbeid med planar og saker som vedkjem barn og unge
 - drive påverknad ovanfor styresmakter
 - fordele ungdomsmidlane
 - arrangere ungdommens fylkesting og fremme ungdomspanelet og ungdommens fylkesting i media
 - ha jamleg og god kontakt med ungdomsråd/ungdommens kommunestyre i Møre og Romsdal
 - fordele ansvar for oppfølging av saker frå dei ulike avdelingane og dei politiske utvala
 - rapportere til fylkestinget og ungdommens fylkesting med ein årsrapport.
 - ikkje behandle saker som gjeld enkeltpersonar
 - uttalar frå ungdomspanelet skal følgje saksdokumentet til det fylkeskommunale organet som avgjer saka endeleg

§ 4 MØTE

- 4.1 Ungdomspanelet bør ha møte samtidig med det ordinære fylkestinget, i tillegg til dei andre møta. Ungdomspanelet skal ha minst 6 møte i året. Eit av møta bør vere i den kommunen som vart kåra til årets ungdomskommune. Ungdomspanelet fastset sjølv møteplan.
- 4.2 Ungdomspanelet blir innkalla etter fastsett møteplan, og med ein frist på minst sju dagar. Innkallinga saman med saksdokumenta, skal sendast faste medlem og varamedlemmer.
- 4.3 Ungdomspanelet skal ha møte når leiaren eller minst 1/3 av ungdomspanelet krev det, jf. kommunelova § 11-2.
Når vilkåra etter kommunelova § 11-7 og § 11-8 er til stades, kan ungdomspanelet ta avgjerd ved
 - 1) - fjernmøte
 - 2) - skriftleg saksbehandlingAvgjerd om dette blir gjort av leiaren i kvart einskild høve.
- 4.4 Det er leiar i ungdomspanelet som er møteleiar. Dersom leiar ikkje kan stille, er det nestleiar som skal fungere som møteleiar. Dersom ingen av desse er tilstade, blir eit av medlemmane valt som møteleiar.
- 4.5 Utvalsekretæren er ein fylkeskommunal tilsett som har talerett i alle saker.
- 4.6 Fylkeskommunedirektøren skal etablere rutinar som sikrar at ungdomspanelet får sakene så tidleg i saksbehandlinga at ein uttale frå ungdomspanelet har moglegheit å påverke utfallet i saka. Den enkelte etat/avdelingssjef har ansvar for å innhente ungdomspanelets syn som ledd i saksførebuinga. Dersom det ikkje er mogleg å innhente ungdomspanelets syn på førehand, skal ein representant frå ungdomspanelets innkallast til møte i hovudutvala og eventuelt fylkesutval eller fylkesting.
- 4.7 Vedtak blir gjort med alminneleg fleirtal. Ved likt tal på stemmer, er leiaren i ungdomspanelet si stemme avgjerande jf. kommunelova § 11-9. Ungdomspanelet er vedtaksfør når minst fem medlemmar er til stades.
- 4.8 Ved inhabilitet gjeld reglane i forvaltningslova kap. II og kommunelova § 11-10.
- 4.9 Deltaking i møte i ungdomspanelet eller andre fylkeskommunale utval, er å sjå som tillitsverv/politisk fråvær etter forskrift til opplæringslova § 3-47.
- 4.10 Fylkeskommunen har ansvaret for dei som deltek på samlingane.
- 4.11 Alle møter og tilstellingar i ungdomspanelet skal vere rusfrie.

§ 5 MØTEPLIKT OG FORFALL

- 5.1 Dersom ein ikkje har gyldig grunn til forfall, har medlemmane plikt til å delta i utvalet sine møter og utvalet sitt arbeid. Forfall skal meldast til sekretæren snarast råd, slik at varamedlem kan bli kalla inn.
- 5.2 Gyldige grunnar til forfall er sjukdom, viktige velferdsgrunnar, store familiehendingar og plikter som ikkje kan bli utsett.
- 5.3 Etter at møtet er sett, kan ein ikkje forlate møtet utan å ha gitt beskjed til møteleiar eller utvalssekretær.
- 5.4 Det er ungdomspanelet som avgjer om eit medlem kan få permisjon/fritak frå vervet sitt.

§ 6 ØKONOMI

- 6.1 Møre og Romsdal fylkeskommune sørger for utvalssekretær til ungdomspanelet og økonomiske midlar.
- 6.2 Medlemmane i ungdomspanelet får dekt reise- og diettgodtgjersle etter statens regulativ og retningslinjer. Tapt arbeidsforteneste blir dekt ved

stadfesting frå arbeidsgivar.

6.3 Medlemmane i ungdomspanelet får møtegodtgjersle i samsvar med gjeldande reglement.

6.4 Medlemmane i ungdomspanelet får halv møtegodtgjersle når dei møter i hovudutvala.

§ 7 ENDRING AV VEDTEKTENE

Fylkestinget i Møre og Romsdal har mynde til å endre vedtektene for ungdomspanelet. Vedtektene kan likevel berre endrast etter framlegg frå ungdommens fylkesting og/eller ungdomspanelet.

**Besøksadresse**

Møre og Romsdal fylkeskommune
Julsundvegen 9
6412 Molde

Postadresse

Møre og Romsdal fylkeskommune
Postboks 2500
6404 Molde

Telefon: 71 25 80 00**Mail:** post@mrfylke.no**Web:** mrfylke.no

Møre og Romsdal
fylkeskommune